

klenar end e grek åt Neen», en mils vei fra hans bosted — en koje nord for Esna os. På Storeriksvollen var han på sommers tid ofte «fremmundkar». I seterbua kan enda påvises hvor «Kantsenga» var.

Gammel-Kanten døvnet seg aldri. Et langt og strevsomt liv ble ved ham avsluttet. Men tross sin hårde kamp for tilværelsen ble han, dessverre, på sin livs aften nødt til å oppebære småfolks pensjon i form av det aller nødvendigste til livsopphold av — fattigkassen. Hans kone, Sigrid, som døde i 1877 — 70 år gl. — led samme skjebne.


Ole Kant døde på en gård oppe ved Stugusjøen 8/1 1903 i en for samer sjelden høy alder.

Fjellvandrere i Tydals store fjellvidder vil overalt — med absolutt sikkerhet — trække i mange av Ole Kants fotspor.



Jon Berggård forserer Djupholma

Magne Haave




## AUST I NEÅDALA

Av Leif Halse

Er du kjent i vestre Trollheimen, så veit du at turistlina frå Trollheimshytta til Kårvatn i Todalen går gjennom Naustådalen. Og Naustådalen er på ingen måte nokon eventyrdal — det er eit nokså ordinært dalføre med elv og myrar, småskog og kjerr, og denne småskogen er alt anna enn triveleg i regnvær. Han klinar seg innpå deg gjer deg gjennomvåt om du er aldri så godt kledd. Først når du kjem fram til Kårvatn-setra får du glede av Naustådalen. Der opnar utsynet seg vestover mot Grinarane, Skjerdingsfjellet, Snøfjellet og Kjerringa, og nede i dalbotnen ligg Kårvatngarden med bru og elv, hus og tun og vide flate gjerd og helsar deg velkomen dit.

I breidd med Naustådalen går Neådalen, og Neådalen har mykje meir å by fotvandraren enn nabodalen i nord. Her er landskapet villare og vakrare, her er lendet lettare å vandre i, og her er to fiskerike vatn. Når Neådalen ikkje har vorte lagt inn i rutenettet, så har det to grunnar: For det første er det den bratte og farlege Neådalsstigen, der ein hovudveik vandrar kan stupe utfor og slå seg ihel mange gonger — og for det andre går det oksedrift i Neådalen kvar sommar.

No er det vanleg tru og tale mellom turistar at oksar er farlege dyr, som ein må halde seg godt unna. Men bygdefolk påstår at oksar flest er ikkje farlegare enn andre dyr. Når ein okse kjem imot deg, så er det ikkje berre for å holstange deg. Det kan hende at han kjem berre for å lukte på deg — eller han vil ha salt. Eller



Fra Nøstådalen

Tor Hagen

han vil at du skal klappe han og klø han i nakkegropa. Men dette er dårskaps tale for turistene. Han tar alt i den verste meining og rømer straks han ser snerten av ein okse — bergar seg opp på ein stein eller opp i ei urd, om oksene er aldri så from og fredeleg. —

Ein godversdag i sommar bar det til Neådals med oss — vi var to i fylgje. Frå Kårvatn gjekk vegen innetter flate moar. Vi møtte Nea, kom oss over og fylgde elva oppetter haugar og rabbar. Så møtte vi brattlenda for alvor. Stigen svinga under svarte hengbratte hamrar, og djupt nede i den tronge kløfta gjekk elva. Ho var klår og isgrøn, og i grunne holar kunne vi sjå det mørkna på aure mot lysare botn — han stod og bukta seg med late spordslag i straumen.

Stigen går i baklia, kastar seg til vers i bratte kneikar, svingar om storstein og bergnasar og leitar seg fram mellom tuver og tre. Hamrane er mørke av væte, og turt og blom veks tett og frodig i bratte skrøer. Høgre og høgre ber det. Her er så bratt at du kan sette hendene bort i bakken — og elva søgjer og fossar djupt nede i det tronge faret sitt.

På nordsida av elva er marklenda tørrare. Her har berget ein lysare farge, og lyng og mose kløner seg fast der hamrane ikkje er altfor bratte. Her veks furukragg som får deg til å minnst eit par strofer av Hans Hyldbakk:

Avgrunnshøgt inni hamrom heng små vindslitne tussetre.  
Tollflurar tøyser seg tvikrøkt mot dagen med tvinna ved.


Det er ikkje stort gleppet av himmel ein har over seg — der ein kløner seg fast nede i denne djupe kløfta. Det ser mest ut som fjelltoppane tøyser seg mot kvarandre og prøver å stenge for lys og dag. Det bles ikkje her nede. Lufta er still og varm, og ein sterk ange av villmark og vokster riv i nasen. Fluer surrar kring øyrestolane dine, og klegg og anna avåt stikk og bit der du kravlar og kliv oppetter mot skaret og Neådalen. —

På øvste ryggen møter fjellvinden deg som ei helsing frå høge heimar — frå kalde vatn og snø og is. Lendet går i slak skråning ned mot ytre Neådalsvatnet. Så stig dalen med rabbar og rastar haugar og kammar mot indre Neådalen, og ei lita elv leitar seg fram i lågaste lendet og syner veg. Til venstre lyfter Kvennjulfjellet sin runde rygg høgt over dal og vatn, og lenger inne stig Neådalsnota til vers med stupbratte sider og flat topp. Til høgre står Neådalsfjellet og stenger, og så ligg ytre Neådalen der som eit trollstort trau med vatnet i botnen.

Vatnet er grunt, og du øygner botnen som ei grågrøn marmorering gjennom det klåre vatnet. Der vatnet går i djupna er fargen mørkare — bortimot myrbrunt. På eit svaberg ned mot vatnet står ei gammel vergrå hytte med torv på taket og ei lita rognbuske på høgste mønet.

Her aust i Neådala heldt storspelemannen og oksegjætaren Hallvard Ørsal til i mange somrar. I den tida var han Hallvard og Neådalen eitt og det same, framleies er det slik at ein kan ikkje nemne Neådalen utan å minnst han Hallvard.

Han treivst i fjellet, og han treivst i lag med oksane. Han hadde drifter på femti-seksti dyr, og det kunne vera ymse ruggane mellom dem. Ikkje alle var ufarlege heller. Ein gong Hallvard var innpå




Neådalen, forfatteren i forgrunnen

Kåre Halse

Stangarvollen og såg om drifta og gav dyra salt, kom ein stor okse og ville ta han på horna. Hallvard såg seg fort ikring etter berging, men det fanst ikkje storstein i nærleiken — berre slette vollen. Han såg ingen annan utveg enn å springe på vatnet og vade utover. Oksen kom etter, men Hallvard var lang, og da vatnet gjekk honom til beltes, flaut oksen — og da var han ikkje farleg lenger. Hallvard dengte han over horna og mulen med staven, dukka han under og gav han slik flinad, at oksen var glad han kom seg unna. Hallvard vassa langs landet og kom seg seg opp på storsteinet mark og var berga.

I stille godverskveldar tok han fela og sette seg på svaberget utafor hytta og spela. Tonane klang speie her i fjellufta og nådde ikkje så langt utover. Rommet var for vidt og veldig, og tonane veikna og vart borte. Hallvard kjente seg sterkt gripen av denne ville og bratte natur og prøvte gje att inntrykka i tonar. Han laga slåttar som fortalte om opplevingar i Neådalen og Oppdalsfjella.



Fiskehytte i Neådalen. Neådalspiken

Kåre Halse

Hans Tovass-vals vart såleis til ei tidleg morgonstund inne ved Tovatna.

Møtte du han Hallvard styggverskledd i fjellet, måtte du helst tru det var ein fark du hadde for deg: Han var lang og høgbeint og gjekk litt framlutt. Ein gammel hatt var dregen ned i augo, og i handa bar han ein lang gjætarstav. Målet hans var grovt og håst, og han sette støkk i folk berre med det.

Han vart som ein annan mann når han fekk fela mellom hendene, og tok til å spela. Bogen dansa over strengene, og dei lange fingrane leika på gripbrettet, og ho Mali song så vakkert. Da la han øyret ned til fela og lydde, andletsdraga hans vart mjuke, og det lyste av ein lykkeleg smil kring munnen. Da var han i sitt rette lag, og slik er det helst vi vil minnst han.

Hallvard Ørsal var ikkje så lite av ein humorist, og det går mange forteljingar om det: På spelemannsferdene sine gjekk han mykje til fots, og han var seig til å gå. Ein gong gjekk han inn på ein

stor gard og bad om å få kjøpe seg middag. Kona på garden heldt nettopp på og bar maten på bordet. Deji skulle ha bettasupe til middags, og ei heil tylvt med store bettasupe-fat stød i rekke nedetter bordet. Da Hallvard bar fram ærendet sitt, ropa kona opp at der i huset hadde dei ikkje mat. Men gjesten kunne gå borti grannegarden, der var det skysstasjon, og der vart det nok ei råd! Da sa Hallvard til kona: Da er det rettast du blir med, så skal det bli litt mat til deg, og! —

Men vi skal lenger, slenger sekkene på rygg og seier farvel til den gamle Hallvard-hytta. Vi rundgår vatnet, går i strandkanten og trød i mjuk sand og hoppar på flate steinar. Innafor vatnet går vi oss på ei steinrøys. Nei, så er det inga steinrøys — det er restane av ei murpipe og ein åre som grånar mot oss, og ein steinutgard ringar seg kring ein liten voll. Her stod Neådals-setra i gamle dagar. Kring steinutgarden veks graset høgt og frødig. Gul sveve lyser opp i det grønne, og det blånar i høg storkenebb, og på myrane ut mot vatnet står myrulla og nikkar med kvite lubne silkehovud.

Opp rabbane frå setra går ein smal stig, eit einsleg spor i villmarka, tråkka og trødd av gjætarfot og saueklauver. Så er det berre å fylgje stigen og gå der dei andre sauene har gått. Ikkje langt frå oss går elva i krokar og svingar, medan stigen skjer beinvegar over haugar og rygger, over grønne grasvollar og mjuke moserabbar. Lendet stig i slake bærer. Du fylgjer elva som skjer seg gjennom den siste ryggen, og så opnar indre Neådalen seg for synet. Eit langt vatn skin fram — det fyller heile dalbotnen og strekker seg heilt innunder foten av Neådalspiken. Der går ein stutt dal inn til høgri og stig bratt mot Neådalsfalla og Oppdalsfjella. Kring vatnet er yakre graslier og skrøer med gildt beite. I mannsaldrar har det gått oksedrifter i denne avstengte dalen, og Hallvard spelemann levde her som oksegjætar i mange, mange somrar.

Men no er Hallvard borte, og fela hans har tagna. Men okse-driftene finn årvisst vegen til dette Gosens land. Ein flokk går og beiter i skråningane av Kvennjulfjellet, og fire små ballar ligg

og ørtar på ein grasvoll nede ved elva. Men storparten går spreidd over den vide Stangarvollen innunder foten av Neådalspiken.

Og vatnet blenkjer i soldagen, og turten blømer i bratte skrøer og urdet lende, og Neådalsnota reiser seg grå og tung mot himmelen — står vakt ved dette ville og vakre dalføret, som enno ikkje har vorte turistland.



Katta på Kåsa

Mosse Falkanger